

Styreleiar Lodve Solholm, Nynorsk kultursentrum

Årets nynorskbrukar 2015: kunsthistorikaren Jorunn Veiteberg

Pristale under opningshøgtida for Dei nynorske festspela 25. juni 2015

Det krev ein framifrå kunstnar å gjere festspeltemaet tillit synleg. Tekstilkunstnaren Astrid Runde Saxegaard har hekla eit motiv som seier det som trengst. Årets nynorskbrukar 2015 har i mange tiår hatt reinhekla tillit til sitt eige språk.

Prisen *Årets nynorskbrukar* blir tildelt personar eller institusjonar som har synt evne til å bryte med språklege og kulturelle konvensjonar om bruk av nynorsk, som gjennom sitt føredøme eller praktiske arbeid gjer det lettare å vere nynorskbrukar, eller som skaper større allmenn forståing for nynorsk.

Prisen blir i år delt ut for 16. gong. Prisvinnaren får 100 000 kroner, diplom og eit grafisk blad av Arne Nøst som berre prisvinnarane våre har.

Frå og med i år er det fritt fram for alle å føreslå kandidatar. Den sjansen var det 44 som brukte, og den store interessa viser kor viktig prisen er for mange. Då fristen var ute, sat vi med ei liste på 29 kandidatar. Administrasjonen nominerte tre av dei, og styret gjorde det endelege valet.

Prisen skal vere tett på saker vi arbeider med og som er særleg viktige for nynorskbrukarane. Det oppdraget Stortinget gav oss i 1995, var å dekkje alle sider ved nynorsk skriftkultur. Med prisen i år peikar Nynorsk kultursentrum på eir kritisk punkt som har vore merkeleg lite diskutert.

Sosialt og kulturelt har biletkunsten hatt skiftande roller i historia. I vår tid ventar vi at biletkunstnarane skal overraske, provosere, kritisere og ikkje ta noko for gitt. Det siste er det vanskelegaste. Mange biletkunstnarar har ein del å gå på i sin eigen omgang med språket. Frå kunstnarens atelier til forskarens akademi har språkføringa gjerne vore prega av ein *dannet dagligtale* med liten klangbotn blant folk flest. Det har bokstaveleg talt vore meir kjønn i kunsten enn i språket om kunsten.

I nyare tid har dette endra seg, men knapt til det betre. Biletkunsten er i ferd med å bli ei bru utan bompengar for fri ferdsel av engelsk inn i norsk kulturliv, med alt frå utstillingsnamn til verktitlar. Langt frå alle er med og byggjer den brua. Likevel er mange nok med og gjer engelsk til eit viktigare språk i Noreg enn det bør vere.

Det er god plass til to levande, norske språk i kunststrømmet mellom verktitlar som «Uten tittel» og «Amerikanske sommarfuglar». Kaizers Orchestra song på jærdialekt kvar som helst i inn- og utland. Den norske tungmetallmusikken har fått italienarar til å lære seg norsk. Og i biletkunsten er der ei som får nokon kvar til å sende ei helsing til læraren som sa at sidemålet får du aldri bruk for.

Årets nynorskbrukar 2015 er dr. philos. og har med sitt vinnande vesen lagt vekt på å nå ut til både allmenta, kunstverda og vitenskaplege miljø. Det var som det skulle vere at ho i 1991 blei den første tv-sjefen for kunst og kultur i NRK. Ho har signert eller redigert over 20 bøker om alt frå reklame, biletkunst, fotografi, plakatar, kvinnelege kunstnarar, samtidskeramikk og smykkekunst til studiar av enkeltkunstnarar. I ei årrekkje redigerte ho tidsskriftet *Kunsthåndverk*, sidan 1977 har ho skrive minst 150 artiklar i bøker, tidsskrift og katalogar, og ho har stått for meir enn 20 utstillingar. Ho bruker nynorsk når som helst og kvar som helst, også i prestisjetunge publikasjonar utgitt i Tyskland.

Difor har styret gjort dette vedtaket:

Prisen *Årets nynorskbrukar 2015* går til kunsthistorikaren og forfattaren Jorunn Veiteberg for sin ufråvikelege vilje til å gjere nynorsk til eit elegant og velforma bruksspråk på alle delar av kunstfeltet, i Noreg så vel som i andre land.

Det er ei stor glede for meg å be Jorunn Veiteberg kome fram og ta imot all den virak du fortener som *Årets nynorskbrukar 2015*!